



Arkivnr: 2018/490-4  
Saksbehandlar: Heidi Bjønnes Larsen

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		22.01.2019
Fylkesutvalet		31.01.2019

## Innspel frå Hordaland fylkeskommune til jordbruksforhandlingane 2019

### Samandrag

I juni 2018 vedtok fylkestinget i Hordaland «Temaplan for Hordaland 2018-2022». Hovudmåla i temaplanen er å styrkje lønsemda i Hordalandslandbruket, auke produksjonen på lokale ressursar og betre rekrutteringa til landbruket. Fire tema vert løfta fram for å nå desse måla: areal og ressursgrunnlag, auka lønsemd i noverande produksjonar, kompetanse og rekruttering og drivarar for endring.

Været blir meir uføreseieleg og ekstremt og synar kor viktig det er med matproduksjon over heile landet. Mangfald og kombinasjonsbruk gjer eit meir robust landbruk fordi ein spreier risikoen på fleire produksjonar. Hordaland fylkeskommune meiner at landbrukspolitikken i Noreg må tilpassast regionale forhold, ressursgrunnlag, bruksstruktur, topografi og avstandar. For å komme i mål med lausdriftskravet 2034 utan at vi mistar drift av små og mellomstore gardar treng vi rette og tilstrekkelig med investeringsmidlar. Eit av verkemidla kan vere at små og mellomstore mjølkebruk vert skjerma i framtidige kvotereguleringar.

Klimatilpassing, grønt skifte og bioøkonomi bør vere sentrale tema for jordbruksforhandlingane i 2019. Det grøne skiftet må utnytte lokale ressursar effektivt. Landbruk er ei stadbunden næring. Bonden sin kunnskap og kompetanse må bli nytta som ein del av dei lokale ressursane. Ny teknologi, FoU, meir innovasjon og kunnskaps- og kompetanseheving må til for å styrkje landbruket både i forhold til rekruttering, klimatilpassing og bidrag til det grøne skifte.

Hordaland er framleis det største fruktfylke i Noreg. Siderproduksjonen i Hardanger er inne i ein vekstfase både i omsett volum og talet på produsentar. Det er ein ny giv innan fruktnæringa. Det er viktig å sikre tilstrekkeleg med investeringsmidlar i ei tid med auka satsing.

Store volum skog er hausteklart i Hordaland. Nyplanting kan sikre at Vestlandsskogen blir ein varig ressurs. Utbygging av skogsvegar, tømmerkaier og utbetring av flaskehalsar i det offentlege vegnettet er ein føresetnad for å ta ut skogen. I tillegg må det leggest til rette for meir innovasjon og verdiskaping i verdikjedar knytt til tre.

**Økonomi:** Ingen effekt

**Klima:** Kan ha positiv effekt på klima og miljø.

**Folkehelse:** Kan ha positiv effekt på folkehelse

**Regional planstrategi:** Kan bidra til eit attraktivt og nyskapande fylke, grøn konkurransekraft og styrka jordvern.

## Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet meiner jordbruksforhandlingane må styrkja inntektsgrunnlaget til dei små,- og mellomstore bruka.
2. Fylkesutvalet meiner små- og mellomstore bruk skal bli skjerma i framtidige kvotereguleringar.
3. Fylkesutvalet meiner at rammene for investering i landbruket må ta høgde for regionale skilnader i bruksstruktur, topografi og klima og at investeringsmidlane vert forvalta regionalt.
4. Fylkesutvalet anbefaler at det blir satsa på regionale utviklingsprogram for frukt- og bær dyrking som legg særleg vekt på auka kompetanse, endringar i klima, nye dyrkingsteknikkar og auke i økologiske produksjonar.
5. Fylkesutvalet meiner at det bør bli lagt til rette for auka berekraftig avverking og uttak av biomasse frå skog og auke i grad av vidareforedling nasjonalt og lokalt.
6. Fylkesutvalet anbefaler at det blir satsa på tiltak som styrker rekrutteringa til landbruket og som gjer at fleire unge vel landbruksretta utdanning.
7. Fylkesutvalet anbefaler at det blir etablert regionale program for klimatilpassing og at dreneringstilskot blir tilpassa etter regionale forhold.
8. Fylkesutvalet meiner FoU knytt til klimatilpassing, grønne skifte og bioøkonomi bør bli intensivert og tilpassa regionale forhold og at regionane bør få tilgang til forskingsmidlane som blir avsett gjennom jordbruksavtalen.

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
kst. fylkesrådmann

Bård Sandal  
fylkesdirektør regional utvikling

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 02.01.2019

Her startar saksutgreiinga

### Bakgrunn

I brev av 16.01.2018 vart Hordaland fylkeskommune invitert av Landbruks- og matdepartementet til å kome med innspel til jordbruksforhandlingane 2019 med frist 1. februar 2019. Kvart år forhandlar Bondelaget og Norsk Bonde- og Småbrukar med staten om rammevilkåra for landbruket. Dei to bondeorganisasjonane opptre på vegne av alle norske bønder, og alle bønder får ta del i ordninga som blir avtalt.

Jordbruksforhandlingane er regulert gjennom hovudavtalen for jordbruket. Fylkeskommunane fekk gjennom forvaltingsreforma 2010 eit større ansvar for landbruk. I dette ligg det mellom anna at fylkeskommunen skal gje uttale til jordbruksforhandlingane. Hordaland fylkeskommune har invitert Hordaland Bondelag, Hordaland Bonde- og Småbrukarlag, Innovasjon Noreg og Fylkesmannen si landbruksavdeling med i prosessen for å utarbeide innspel til jordbruksforhandlingane 2019.

### Styrker og utfordringar i Hordalandslandbruket

I distrikta i Hordaland, særleg i indre strok, er landbruket ei viktig næring målt i sysselsetting. Voss, Kvam og Kvinnherad er kommunar med høge tal på sysselsette, medan Ullensvang, Ulvik og Etne har den høgste delen av totalsysselsettinga innan landbruk.

Hordaland er framleis det viktigast fruktfylket i landet. Siderproduksjonen i Hardanger er inne i ein vekstfase både i omsett volum og talet på produsentar. Grovfôr (grasproduksjon) er den desidert viktigaste veksttypen i Hordaland. Forholda ligg godt til rette for sauehold i fylket, med store fjellområder og lite rovdyr. Beitedyr held kulturlandsskapet opent til glede for fastbuande og turistar. Hordalandslandbruket er kjenneteikna av mange små jordbruksbedrifter og skogeigedomar, sjølv om det har vore ei strukturending mot færre og større bruk dei siste åra. For jordbruket i Hordaland med fjordar, ferjer og småbruk, er det viktig at potten for fraktutjamning blir fylt på.

### Areal og Ressursgrunnlag er sentralt for bonden si inntening

Bonden sitt innteningsgrunnlag er basert på areal og ressursgrunnlag. Både i Bergensregionen og rundt regionalsentera i distrikta står jordbruksland i fare for å bli nedbygd. Jordbruk er ei stadbunden næring og jordvern er særskild viktig for å sikre matproduksjon. Tilgjengelege jordbruksareal bør vere av høg kvalitet, vere mest mogleg samanhengande og ha langsiktige leigeavtalar. Hordaland har mykje bratt terreng. Bratt terreng er ikkje eit direkte hinder for god produktivitet så lenge arealet er jamnt. I Hordaland er omtrent 45 % av jorda som er i drift leigejord. Delen av leigd jord aukar i takt med nedlegginga av bruk. Den største utfordringa knytt til leigeareal er at kontraktane ofte er relativt kortsiktige (under 10 år). I tilfelle der eigar ikkje driv jorda sjølv, og ynskjer å selje til leigetakar som tilleggsjord, bør det leggjast til rette for at den som faktisk driv landbruksjorda, får høve til å eige framfor å leige jorda han driv, i tråd med jordlova. Hordaland, med eit gjennomsnitt på 128 dekar jordbruksareal per jordbruksbedrift, er blant dei minste i landet. Det er ikkje uvanleg at ein bonde driv 20–40 ulike jordteigar. Dette gir store driftskostnader og fører ofte til lågare kvalitet på avlingane. For at dei unge bøndene skal kunne drive framsynt planlegging, er det naudsynt med ein føreseieleg arealpolitikk. Kommuneplanen sin arealdel (KPA), er eit viktig instrument. Kommunane bør etablere klarare og meir langsiktige prinsipp for arealbruken i samfunnsdelen av kommuneplanen, og på grunn av beredskapsomsyn arbeide for høgast mogleg sjølvforsyning av mat. Verkemidla må bli rigga slik at dei bidreg til å få opp bruk av areal. Produksjonsmåte, ressursgrunnlag og driftsøkonomi må bli avgjerande. Det er viktig å sikre produksjonar som er basert på lokale ressursar og eit tilskotssystem som lønner god agronomi, særleg berekraftige produksjonar og god agronomisk praksis.

### Auka lønsemd i noverande produksjonar

#### *Grovfôr og Mjølke/storfe basert på lokale ressursar*

God lønsemd i mjølke- og storfekjøttproduksjonen heng tett saman med kostandseffektiv grovfôrproduksjon med god kvalitet og høg arealproduktivitet. Produktiviteten per areal kan aukast. Vedlikehald av areal i form av drenering og areal pleie vil bidra til dette.

I 2018 vart det bevist at den beste mjølka vert produsert i Fana utanfor Bergen. *Fanaosten* vart kåra til verdens beste ost under Oste-VM. *Fanaosten* er laga på eit småbruk med 12 kyr som beiter i sjøkanten på gamal eng med stort mangfald av artar. Det er kvaliteten på mjølka som legg grunnlaget for verdens beste ost. Mjølke er det viktigaste husdyrproduktet i Hordaland. Det er mjølkeproduksjon i 30 kommunar i Hordaland. Det er viktig å sikre grunnlag for fortsatt mjølkeproduksjonen på små og mellomstore bruk i Hordaland. Mjølkekvote for Hordaland i 2018 var omtrent 87 millionar liter. Omtrent 76 millionar liter blei levert i 2018. Forventa kvotefylling for 2018 er 87,1%. Hordaland har potensiale til å betre oppfylle mjølkekvote. Hordaland har små brukseiningar samanlikna med andre fylke og kan ikkje ta ut stordriftsfordelar. Det må bli lagt til rette for at ein kan overleve som mjølkeprodusent òg i mindre målestokk. Mjølkekonsumet i Noreg er på veg ned og dermed vil tildelt mjølkekvote truleg bli redusert. Dette vert enno meir alvorleg når produksjonen av innanlands Jarlsbergost blir fasa ut<sup>1</sup>. Små og mellomstore mjølkebruk bør bli skjerma i framtidig kvoteregulering. I dag vert alle mjølkebruk handtert «likt» ut frå prosentrekning. Når produksjonen vert regulert får alle mjølkebruk same forholdstal som dei multipliserer kvota si med. I tider med redusert produksjon slår det ekstra hardt ut økonomisk for små bruk. Bruk som har mindre enn 100.000 liter i kvote bør sleppe å redusere kvota si.

St.meld. nr. 12 (2002-2003) 'Dyrehold og dyrevelferd' blei vedteke av stortinget i 2003. Eit av tiltaka i stortingsmeldinga er «Løsdrift for alt storfe innen 20 år, forbud mot bygging av bås fjøs fra 2004.» Lausdriftskravet gjeld all drift knytt til storfe. Lausdriftskravet er utsatt frå 2024 til 2034. Presset er like stort som det var sjølv om det er gitt eit ekstra tiår. Ekstra krav til utbygging for å sikre dyrevelferd (mellom anna krav knytt til golv, kalvings- og sjukebinge) slår inn allereie i 2024. Fram til 2024 vil det bli utløyst mange byggesaker ombygging/oppgradering som stort sett vil medføre ombygging til lausdrift, fordi bonden ikkje vil få midlar til å gjere endringar av en viss størrelse og framleis behalde bås fjøs. I 2017 vart 47% av mjølka i Hordaland produsert i lausdrifts fjøs. Det henta mjølke frå 529 føretak i Hordaland i 2017. Av desse var 133 lausdrift, 396 bås fjøs. Som døme er det i Lindås kommune 27 mjølkeprodusentar, 19 av desse er bås fjøs. I Radøy kommune er der 26 mjølkeprodusentar, 6 av desse er lausdrifts fjøs. Skal heile mjølkeproduksjonen vidareførast i lausdrifts fjøs, må det byggast kapasitet for nærare 40 mill liter mjølke. Det blir nær 265 nye fjøs med dagens gjennomsnittskvote på 150.000 liter. I fylgje Innovasjon Norge vil det krevje minst 450 mill. kr i tilskot. I 2017 finansierte Innovasjon Norge omlegging frå bås til lausdrift på 17 mjølkebruk i Hordaland. Dette tilsvarar 4,9 millionar liter mjølke.

Føresetnadene for jordbruksdrift varierer både mellom og innanfor regionar i Noreg. For landbruket i Hordaland sin del er det viktig å behalde produksjonsfordelinga mellom landsdelane, omtala som kanaliseringspolitikken. For å bidra til lønnsam produksjon og inntektsutjamning og aktivt landbruk i alle deler av landet er fleire av dei økonomisk viktige tilskotsordningane differensiert geografisk, etter bruksstørrelse, eller begge deler. Differensieringa er gjort med grunnlag i eigenskapar ved jordbruket og i næringsmiddelindustrien. Soneinndelinga i dei geografisk differensierte ordningane er difor annleis enn dei som ofte leggst til grunn i distrikts- og regionalpolitikken generelt. Landet er delt inn i sju sonar. Der sone ein, er dei beste kornområda i landet, mens sone sju er dei mest marginale områda i Nord-Noreg. For å betre kunne stimulere til bruk av lokale ressursar innan landbruket på Vestlandet burde det ha vore ein eigen tilskotssone som strekkjer seg frå Romsdalsfjorden i nord til Boknafjorden i sør. Dette området er prega av små og mellomstore bruk som treng eit løft. Ufordringane og moglegheitene varierer sterkt frå stad til stad og frå produksjon til produksjon. Ulik størrelse på driftseiningane, ulike grader av driftsvanskar, små og oppdelte areal, varierende brattleik, temperatur og lengde på vekstsesongen og avstand til mottaksanlegg bidrar til variasjon i inntektsmoglegheitene.

### *Småfe og utmarksbeite som ressurs*

Over 70 % av jordbruksbedriftene i Hordaland har sauehald. Hordaland har store fjellområde, gode beiteressursar og få rovdyr. Om dyr finn mat sjølv er det er god nytting av lokale ressursar, økonomisk gunstig for bonden og heldig for Hordaland sitt kulturlandskap. Men det må i større grad lønne seg å nytte utmarksbeite. I Noreg har vi 800 millionar føreiningar<sup>2</sup> tilgjengeleg i utmarka<sup>3</sup>. I 2016 vart 400 millionar av desse føreiningane nytta. Dessverre har det vore jamn nedgang i bruk av beiteressursane. Samstundes får

<sup>1</sup> <https://www.nrk.no/trondelag/tine-bygger-meieri-i-irland-for-a-lage-ost-1.13814717>

<sup>2</sup> Ei føreining er 6900kJ nettoenergi og er lik næringsverdien av ein kilo av kornet bygg i ein kvalitet som vert gitt til mjølkekyr.

<sup>3</sup> Blix, A. (2018) «En hyllest til sauen: Fortellinga om det lille dyret som bygde landet», Forlaget Maniafest

sauane meir kraftfôr og dyrka gras. Forsking syner at sauekjøt inneheld meir umetta fett når sauen har beita i utmark. Beiteressursen må bli hald i hevd om den skal fortsette å vere ein ressurs. Ulike saurasar nyttar beite ulikt. Den norske kvite sauen er avla fram for å gje mykje kjøt og mange lam, men den er lett å ta for rovdyr og utnyttar ressursane i utmark dårlegare enn eldre rasar. Tilskotsordning bør riggast slik at det i større grad lønner seg for bonden å nytte utmarka.

Frå 2008 til 2017 er det blitt nærmare 97000 fleire vinterfôra sau i Noreg<sup>4</sup> Veksten av sau har ikkje kome i grovfôr fylka på Vestlandet og i Nord-Norge. Dei fylka som har hatt auke er Østfold, Akershus, Vestfold, Vest-Agder og Hordaland. I Hordaland er det jobba godt gjennom NyGiv prosjektet. Prosjektet har fått stønad frå Hordaland fylkeskommune. Mange ungdommar har møtt opp på møta og prosjektet har hindra nedgang i talet på bønder og at areal går ut av drift. Hordaland har blant de minste besetningane i landet, 53 vinterfôra sau i besetning i snitt, noko som står i stil med areala til rådighet. Bøndene har teke i bruk ny teknologi for å gjere sauehaldet meir rasjonelt. Eit godt utbygd mobilnett i fjellet er ein viktig faktor for å kunne bruke e-bjølla. Dette har gjort sauehald meir tilpassa kvardagen til deltidsbonden. Organisert beitebruk bidreg til å lukkast med å utvikle sauenæringa.

I 2018 var det overproduksjon av sauekjøt, men ikkje frå lam. Produsentar som er i næringa, treng likevel investeringsmidlar for å byggje nytt og vere konkurransedyktige. Ulike kjøtprodukt frå sau og lam bør i større grad vere tilgjengeleg for forbrukar i butikkane i heile året.

Geitehald har òg potensial. Geitehald er kulturlandskapspleie, og tradisjonane er lange for produksjon av ost. Det er òg eit potensial for auka bruk av kjejkjøt.

Ull er ein spanande ressurs både for tradisjonell bruk og som ressurs for nye innovasjonar. I Noreg blir det omsett garn for i underkant av 2 milliardar kroner. Hovuddelen av garnet er produsert frå importert ull. Her er det rom for at norske produsentar tek ein større del av marknaden. I tillegg kjem verdiskapinga knytt til ull til tekstilindustri, ull som erstatning for plastbaserte tekstilar og ull som del av produkt i reiselivet.

### *Frukt og auka produksjon av Sider frå Hardanger*

Hordaland er framleis det største fruktfylket i landet, målt i areal og avling. Regionen har lange tradisjonar for fruktdyrking. Epleproduksjon er viktigast, etterfølgd av moreller, plommer og pærer. Sjølv om dyrka fruktareal har gått ned, har effektiviteten auka slik at dei totale avlingane er stabile. Hordaland har eit godt fagmiljø og moderne fruktlager. Hordaland har potensial for kraftig auke i produksjonen av ulike typar bær. Ein bør satse ytterlegare på kvalitetsheving og på å styrkje kompetansen i fylket knytt til frukt- og bærproduksjon. Her er det nødvendig å utvide produksjonen for å auka andelen av marknaden, både innan konvensjonell og økologisk produksjon.

Soft- og siderprodukt blir stadig meir populære hos forbrukarane. Resultatet er auka optimisme og rekruttering til næringa. Fleire kvinner kjem inn, og gjennomsnittsalderen i næringa går ned. Sider er ei stor satsing, og fleire nye produsentar har starta produksjon. Den 1. juli 2016 blei det lov å selje alkoholhaldig sider på eigen gard, ei lovendring som har slege positivt ut for siderprodusentane i Hardanger. I 2017 auka salet av norsk sider på Vinmonopolet med 75 %. Fyrste halvår 2018 auka salet med 131,5% samanlikna med 2017. Sider frå Hardanger er merka som beskytta geografisk nemning og må bli laga på eple dyrka i Hardanger. Då er det sentralt det vert dyrka nok Hardangereple. Investeringsmidlar bør gje muligheit til regionale tilpassingar for å sikre regionale konkurransefortrinn.

Fruktnæringa i Hordaland må ruste seg og få opp avling per bruk. Avlingsnivå er det viktig. Kilo per dekar er kritisk. Næringa må ta i bruk ny teknologi som robotar for hausting og slått mellom trea og dronar for å identifisere sjukdom og sikre plantevern. For å kunne ta i bruk ny teknologi må terrenget vere jamnt. Næringa seier at terrenget må gjerne vere bratt, så lenge det er jamnt og bratt. Difor er det behov for arronderingsmessige verkemidlar.

### *Berekraftig uttak av skog, behov for nyplanting og vidareforedling*

Kystskogbruket har mål om 4-dobling av verdiskapinga innan 2045. Skogen, og biomasse frå skogen, har ei sentral rolle i bioøkonomien og det grønne skiftet. Omtrent 60 % av skogeigedomane i Hordaland driv med både jord og skog. Sjølv om skogeigedomane i fylket er blant dei minste i landet, veks det produktive skogarealet i Hordaland meir enn i dei fleste andre fylka. Skogavverkinga har òg hatt ein monaleg vekst dei 10 siste åra. Ein bør leggje til rette for auka, berekraftig avverking og uttak av biomasse frå skog. Dette krev

<sup>4</sup> <https://www.bondebladet.no/landbruk/sterk-reduksjon-i-saue%c2%adbonder-i-nord-og-nordvest/>

god skogkompetanse, god infrastruktur, både med omsyn til eit tenleg vegnett og til utskipingsplassar for tømmer. Transportkostnadane i skogbruket på Vestlandet er om lag 30 % høgare enn på Austlandet. Det skuldast eit lite utbygd skogsbilvegnett, men òg at det ordinære, offentlege vegnettet har dårleg standard. Betre infrastruktur privat, kommunalt og regionalt vil hindre omlasting av tømmer. Det bør etablerast ein pott for å sikre vedlikehald av etablerte skogsvegar.

Samstundes som ein tek ut skog, må ein syte for nyplanting. Det må plantast lønsamt, miljøvenleg og klimavenleg. Per i dag overgår hogstvolum nyplanting i Hordaland. Aukande hjortebestand gjer det vanskeleg å unngå skade på ungskog. Dagens Vestlandsskogbruk er basert på volumproduksjon av gran. Klimaet på Vestlandet gir gode vekstvilkår for gran. Om ein vurderer å plante andre treslag, kan det auke stabiliteten og redusere risikoen i produksjonen, og i tillegg kan det gje grunnlag for andre typar produkt enn det ein ser i dag. Treet må bli hogt på eit tidspunkt som gir høgast mogleg verdi for skogeigaren. Motivasjonen for å skjytte skogen og plante nye tre blir høgare om skogeigaren tenar pengar på han. Klimatilpassa plantingar kan minske risikoen i produksjonen for skogeigar. Her er det behov for meir forskning på Vestlandsskogen for å forstå korleis den reagerer på endringar i klimaet, og korleis ein kan nytte skogen som klimatilpassingstiltak. Det er viktig å leggje til rette for innovasjon og konkurransekraft i heile verdikjeda for tre, og sikre at Hordaland ikkje berre blir ein råvareeksportør.

### *Bygdenæringar og «Inn på tunet»*

Hordaland har lenge satsa sterkt på å utvikle bygdenæringar (leigekøyring, utleige, reiseliv, foredling av mat, utmarksnæring og «Inn på tunet»). Satsinga på bydenæringar har medverka til større variasjon i næringsgrunnlaget i lokalsamfunna. Reiselivssatsinga har også synleggjort kulturlandskapet sin verdi. Dessutan har fleire i landbruket fått verdifull kompetanse i entreprenørskap og omstilling. Landbruket i distrikta spelar ei stor rolle for målet om levande bygder og distriktsutvikling. Det er ein veksande marknad for produkt med unike kvalitetar. Det bør leggjast til rette for å utvide produktpaletten og utnytte desse moglegheitene innanfor matproduksjon og reiseliv.

«Inn på tunet» er tilrettelagte og kvalitetssikra velferdstenester på gardsbruk. Dei viktigaste brukarane av «Inn på tunet»-tenester er barn og unge, menneske med rusproblem, funksjonshemma og eldre. Aktivitetane innanfor «Inn på tunet» skal gje meistring, utvikling og trivsel. Tenestene er knytt til garden, livet og arbeidet der. Det er per i dag 38 godkjende «Inn på tunet»-tilbydarar i Hordaland. Kunnskap, kvalitetssikring og samarbeid er viktig for å lukkast med utvikling innan bygdenæringane og «Inn på tunet».

### *Lokalprodusert mat*

Det er eit vekstpotensial i marknaden for lokalmat og drikke. I Stortingsmelding 31 er ambisjonen at samla omsetning skal vekse til 10 milliardar kroner gjennom alle omsetningskanalar innan 2025<sup>5</sup>. Folk ønskjer å smake staden dei er på. I desember 2015 vart Bergen medlem i UNESCO sitt nettverk for kreative byar, som gastronomiby. Medlemsbyane forpliktar seg til å sikre at mat og kreativitet er ein sentral del av by- og regionsutviklinga. Dei ulike regionane i Hordaland jobbar godt med å leggje til rette for produsentar av lokalmat som ønskjer å satse, og med samarbeid mellom mataktørar lokalt. Det er så langt etablert matnettverk i Sunnhordland, Nordhordland, Bjørnefjorden og Hardanger. Det offentlege bør vere eit forbilde når det gjeld bruk av lokalproduserte matprodukt på konferansar, til kantineamat og til institusjonar.

### **Kompetanse og rekruttering**

Rekruttering er ein føresetnad for auka matproduksjon og verdiskaping, men i mange område av Noreg er rekruttering til landbruket ei utfordring. Måletta prioritering av unge er difor viktig for å leggje eit godt grunnlag for utvikling av landbruk og landbrukstilknytte bedrifter. For å sikre rekruttering, må garden sikre eit godt inntektsgrunnlag. Den må vere ein arbeidsplass med ny teknologi, som har godt arbeidsmiljø og som gir rom for ferie og fritid. Dei fleste som tek over familiegarden eller går inn i jordbruket, gjer det i vaksen alder. Mange av dei har anna utdanning frå før. Rett kompetanse er viktig for å drive garden miljøvenleg og lønsamt<sup>6</sup>. Breitt kompetansenivå er viktig for lønsemda i næringa. Kompetansetilbod må vere tilpassa både heiltids- og deltidsbonden. Det er positivt at det er satt av midlar til ei nasjonal ordning for vaksenagronom

<sup>5</sup> Meld. St.31 Garden som ressurs – marknaden som mål.

<sup>6</sup> HANSEN, B. G. *Problem solving in dairy farming*. 2013. PhD Thesis. PhD thesis.

og at vaksengartnar nå er inkludert i ordninga. Ordninga bør bli utvida slik at det er rom for å auke talet på klassar.

Naturbruksutdanninga på dei vidaregåande skulane er kjernen i kompetansen i landbruket. Nedgang i talet på elevar som tek slik utdanning, vil ha negative konsekvensar for samla kompetansetilførsel, og kan føre til nedlegging av tilbod. Eit spesielt fokus på rekruttering til utdanningsprogramma er difor viktig. Det er òg viktig at fleire vel landsbruksrelatert, høgare utdanning. Ved å få fram gode døme på unge bønder som lukkast kan ein inspirere andre unge. I tillegg bør det blir lagt til rette for at fleire bruk kjem på marknaden, slik at unge utan odelsrett kan få realisert ønskje om å ta over gard. For mange nye bønder er det godt å ha fagleg støtte rundt seg, fadderordningar har vist seg å vere ei god ordning som med fordel kan bli utvida.

## Drivarar for endring

Landbruket er ei næring som er vant med å omstille seg, ta i bruk nye innovasjonar og tilpasse seg endringar. Drivarane for endringar framover ligg i klimaendringar, ein grønar økonomi, industri 4.0 og bioøkonomi. Industri 4.0 er ei felles nemning som blir brukt om den pågåande digitaliserings- og automatiseringsprosessen. Det er mange krefter over heile verda som ser etter nye løysingar for matsystem.

Målet for arbeidet med klimatilpassing er å gjere samfunnet mindre utsett og sårbart for klimaendringane, og medverka til å styrkje landet si tilpassingsevne. Klimautfordringane krev omstilling til eit samfunn der vekst og utvikling skjer innanfor naturen si tolegrense. Grønt skifte er omlegginga frå ein fossilt driven økonomi, til eit grønar og meir klimavenleg system. Eit slikt skifte byr på nye moglegheiter for verdiskaping. Her er det viktig å støtte opp om forskning og utvikling for å få fram ny kunnskap, driftsmetodikk og digitale løysingar tilpassa produksjonar og driftstilhøve i Hordaland. Jordbruket i Hordaland skal redusere sine klimagassutslepp og bli fossilfri innan 2030. Eit av tiltaka er klimavenleg og miljøvenleg gjødselhandtering. Det bør vere nok investeringsmidlar tilgjengeleg som bidreg til dette tiltaket.

Bioøkonomi er ein del av det grøne skiftet. Det grøne skifte må skje ut frå areala og ressursane ein har til rådvelde. Det er viktig at ikkje bonden blir kopla frå areala. Jordbruket må, som eit bidrag til det grøne skiftet og som ei av tre basisnæringar i bioøkonomien, vidareutvikle potensialet som ligg i produksjon av biomasse både til tradisjonelle og nye produkt. Landbruksnærings vil ha behov for ulike typar utviklingsprosjekt for å rigge seg for å møte endringane som kjem. Hordaland har klynger, teknologikompetanse og sterke FoU-miljø, eit sterkare samarbeid mellom desse og landbruket kan bidra til næringsutvikling innan bioøkonomi. Regionale utviklingsmidlar vart redusert i statsbudsjettet for 2019. Dermed er fylkeskommunane sine moglegheiter til å bidra til utviklingsprosjekt som kan bidra positivt til landbruket sin del i det grøne skiftet minnska. Det viktig å auke potten for utviklingsmidlar i landbruket for å bøte på skaden.

Fylkesutvalet i Hordaland fylkeskommune har vedteke biogasstrategi for Hordaland: Hovudmålet er å utnytte lokalt tilgjengelege organiske restråstoff lønsamt og klimavenleg, og dermed erstatte fossil energibruk. Norsk landbruksrådgiving Vest har med stønad frå Hordaland fylkeskommune etablert eit eige prosjekt for å formidle kunnskap til bønder som vurderer å inngå avtale om levering av husdyrgjødsel og mottak av biorest. Bønder på Voss og i Granvin skal få kunnskap til å vurdere dei praktiske og økonomiske sidene ved levering av husdyrgjødsel til biogassanlegg på Voss. Framdrifta for start av biogassanlegg bør setta fart slik at ein kan lære av erfaringar. Det er òg behov for meir forskning på bruk av biorest.